

Jarle Sollibakke

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/1436 - 18/14429

Saksbehandlar:
Rune Kilen
Rune.Kilen@lindas.kommune.no

Dato:
13.06.2018

Svar på epost om port på kommunal veg Totland

Viser til epostar (18.09.2017, 19.10.2017 og 3.05.2018) og telefonsamtale i dag om etablering av port etter at ferista vart fjerna på den kommunale vegen til Totland. Vi beklager sterkt at du ikkje har fått svar på dine epostar. Det er tydeleg at denne saka har falt mellom 2 stolar.

Ferista vart fjerna hausten 2014 rett etter at vegen vart asfaltert. Tilstanden på ferista var kritisk dårleg og det vart beslutta om å fjerne denne for å unngå at køyretøy vart skada. Dessverre vart det ikkje lagt ned ny ferist på staden og det beklager vegavdelinga.

Det har oss bekjent ikkje vore søkt vegavdelinga om etablering av port på Totlandsvegen. Denne er satt opp ulovleg av dei som har sauer på beite, og denne tek ikkje omsyn til mjuke trafikantar, som du peikar på. I tillegg vert tilkomsten til og frå Totland forverra.

Vegavdelinga har nylig hatt møte med landbrukssjefen der mellom anna denne saka vart diskutert. Det vart rett etter dette møtet bestilt elektrisk felås for installering på Totlandsvegen. Denne vart bestilt for ca 1 måned sidan, så vi reknar med den er like om hjørnet. Eg har bedt fagleiar om å purre på leveransen i dag og få fortgang på å få lagt denne på plass.

Med helsing

Rune Kilen
avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:



Kopi til:

Atle Dingen
Hogne Haugsdal
Kjetil Eikefet
Ordfører

Mottakarar:

Jarle Sollibakke